



Innkalling av Valstyret

Møtedato: 07.11.2018
Møtestad: Osterøy rådhus - heradsstyresalen
Møtetid: kl. 16.30 – kl.17.00. Møtet startar rett etter møtet i formannskapet same dag.

Eventuelle forfall må meldast i Møteportalen eller til Bente Skjerping per tlf. 56192100, sms til 41587200 eller per epost til bente.skjerping@osteroy.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
001/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/18	Referatsaker og meldingar
003/18	Kommunestyre- og fylkestingvalet 2019 - røystekrinsinndeling og røystetider

2. november 2018

Ordførar Jarle Skeidsvoll
utvalsleiar

Bente Skjerping
sekretær

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
001/18	Valstyret	PS	07.11.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	18/2259

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Saksopplysningar:

Innkalling med sakliste er send ut.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
002/18	Valstyret	PS	07.11.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	18/2259

Referatsaker og meldingar

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
1	Høring - Forslag til endringer i valgforskriften og forskrift om direkte valg til kommunedelsutvalg

"Referatsakene vert tekne til vitande."

Saksopplysningar:

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
003/18	Valstyret	PS	07.11.2018
	Heradsstyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	18/2067

Kommunestyre- og fylkestingvalet 2019 - røystekrinsinndeling og røystetider

Vedlegg:

Stortingsvalet 2017 - evaluering av gjennomføringa i kommunen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Valtinget 09.11.2019 vert halde på desse stadene og med slike opningstider:

Lonevåg krins	Lonevåg skule	Kl. 12.00 – kl.
Haus krins	Skulebygget, gymnastikksalen	20.00
		Kl. 12.00– kl.
		20.00
Bruvik krins	Bruvik helselag sitt fellesrom i aldersbustadene	Kl. 12.00 – kl.
		20.00
Hauge krins	Skulebygget	Kl. 12.00 – kl.
		20.00
Fotlandsvåg krins	Skulebygget	Kl. 12.00 – kl.
		20.00
Valestrand krins	Skulebygget, gymnastikksalen	Kl. 12.00– kl.
		20.00

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Ved valet i 2017 vart det innført elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen. I samband med dette vart det gjort endringar i røystekrinsinndelinga i kommunen.

Valstyret har mynde til å fastsetja tid og stad for røysting innanfor dei rammene lova set. Heradsstyret kan gjera vedtak om todagars val på ein eller fleire stader i kommunen. Heradsstyret kan og med tilslutning frå minst 1/3 av medlemmene vedtak lengre opningstider enn valstyret har vedteke. Slikt vedtak må gjerast seinast samtidig med budsjettvedtaket for 2019. På valdagen måndag 09. september må røystinga avsluttast seinast kl. 21.00.

Endringar i røystekrinsinndelinga må og til heradsstyret til endeleg vedtak.

Heradsstyret gjorde slikt vedtak i 2016:

«Valtinget 11.09.17 vert halde på desse stadene og med slike opningstider:

<i>Lonevåg krins</i>	<i>Lonevåg skule</i>	<i>Kl. 12.00 – kl.</i>
<i>Haus krins</i>	<i>Skulebygget, gymnastikksalen</i>	<i>20.00</i>
		<i>Kl. 12.00– kl.</i>
		<i>20.00</i>
<i>Bruvik krins</i>	<i>Bruvik helselag sitt fellesrom i aldersbustadene</i>	<i>Kl. 12.00 – kl.</i>
		<i>20.00</i>
<i>Hauge krins</i>	<i>Skulebygget</i>	<i>Kl. 12.00 – kl.</i>
		<i>20.00</i>
<i>Fotlandsvåg krins</i>	<i>Skulebygget</i>	<i>Kl. 12.00 – kl.</i>
		<i>20.00</i>
<i>Valestrand krins</i>	<i>Skulebygget, gymnastikksalen</i>	<i>Kl. 12.00– kl.</i>
		<i>20.00</i>

Røystekrinsane Tysse, Mjøsdaalen, Bysheim, Hjellvik, Hamre, Seljerind og Votlo vert ikkje oppretthaldne.

Kommunen innfører elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen.

Heradsstyret ber valstyret om å vurdera tiltak som kan verke positivt på valdeltakinga i krinsar som vert lagde ned. Ein bør sjå nærare på om kommunen kan ha ei rolle i koordinering av friviljug innsats som gjeld transport for dei med særlege behov, og om ein kan styrka opplegget med førehandsrøysting."

Denne inndelinga fungerte godt og valoppslutninga var om lag som ved tidlegare val. Lik opningstid for vallokala gjer det enklare for veljarane, samtidig som elektronisk manntal gjer at veljaren kan

oppsøkja det vallokalet i kommunen som høver best.

Vurdering

Valstyret må gjera vedtak om opningstid i vallokala og 1 eller 2 dagars val, slik at heradsstyret før budsjettvedtaket kan ta stode til om ein ynskjer utviding av opningstidene i vallokala. I Osterøy har det ikkje vore tradisjon med søndagsval, og utvida periode for førehandsrøysting tilseier at behovet for søndagsopning er mindre no enn før.

Opningstidene i røystelokalet vart litt utvida ved førre val, då alle krinsane opna kl. 12.00, og ein ser ikkje at det behov for ytterlegare utvidingar.

Valstyret må og ta stode til om det er ynskeleg med endringar i røystekrinsinndelinga av omsyn til fristen 31. mars for melding til Kartverket.

Ved førre val vart det vedteke å oppretthalda Bruvik krins. Dette medførte ekstra kostnader då det viste seg at det ikkje var internettdekning i vallokalet slik som føreset.

Avstanden til andre vallokale og at det til tider er problem med vegsambandet tilseier at krinsen fortsatt vert oppretthalden.

Folkehelse – ikkje vurdert

Miljø – ikkje vurdert

Økonomi – ikkje vurdert

Konklusjon

Saka vert lagt fram for Valstyret til handsaming og tilråding til heradsstyret.